

## SULDAL KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Torsdag 29. august 2013 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalsleiar Sverre Underbakke.

<b>MØTESTAD:</b>	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	kl. 09.30 – 12.45 (inkl. pause)
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Sverre Underbakke (H), Berit Myrland (SV), Tormod Skeie (SV) og Vanja Ignjatic (H)
<b>FORFALL:</b>	Solveig Sukka (Sp)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Ingen
<b>FORFALL VARAMEDLEM:</b>	Ole-Johan Østebø, Hans Sæter, Arne Steinbru
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Ingen – rev.dir. Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS deltok via Link
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 15/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL 23.05.13**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 23.05.13 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 29.08.13:**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.08.13:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 23.05.13 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 16/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 29.08.13**

17. Statusrapport pr. august 2013
18. K.styre vedtak 18.06.13 – sak 055/13, Rapport frå forvaltningsrevisjon barnevernet
19. Utvalet sitt svarbrev til Bernd Elmies
20. Utvalet sin presentasjon for kommunestyret – leiar orienterer
21. FKT- konferansen 2014 i Haugesund på Rica Maritim
22. Rekneskapsrapport pr. 30.06.13 – kontroll og tilsyn
23. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m. – eigenkontroll mv.
24. Kommunebarometeret – tabell 2013

### **Handsaming i kontrollutvalet 29.08.13:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Ingen merknader.

Leiar orienterte under pkt. 20 – utvalet vart samd om å samlast kl. 17.00 den 10.09.13 for å forbereda presentasjonen for kommunestyret. Møte i kommunestyret byrjar kl. 18.00.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.08.13:**

*Referatsakene 17 - 24 blir tatt til orientering.*

## **SAK 17/13 REVISOR SI EIGENERKLÆRING- ROGALAND REVISJON**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 29.08.13:**

Revisor gav ei kort orientering om innhaldet i erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.08.13:**

*Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.*

## **SAK 18/13 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2013 (ikkje offentleg)**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 29.08.13:**

Planen vart vist på skjerm, samstundes som revisor gav ei grundig orientering. Utvalet meinte det var ein interessant gjennomgang og hadde nokre spørsmål undervegs. Kommunen har svara på årsoppgjersnotatet frå 2012-rekneskapsrapporten. Sekretær sender ut svaret saman med protokollen.

Revisjonen har tilleggsfakturert kommunen for 90 timar i samanheng med årsrekneskapsrapporten for 2012. Revisjonen meiner kommunen ikkje har levert dokumentasjon på ein slik måte som avtalen krev.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.08.13:**

*Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering.*

## **SAK 19/13 ORIENTERING FRÅ REVISOR – OM ANTIKORRUPSJONS ARBEID**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tar revisjonen si orientering om antikorrupsjonsarbeid til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 29.08.13:**

Revisor hadde ei grundig gjennomgang av sin presentasjon om antikorrupsjonsarbeid. Utvalet hadde i etterkant ei kort meningsutveksling om emnet.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.08.13:**

*Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon om antikorrupsjonsarbeid til orientering.*

## **SAK 20/13 BUDSJETT – KONTROLL OG TILSYN 2014**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Suldal kommune for 2014 med ei totalramme på kr 978 000, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	221 000
Kjøp av sekretærtjenester	Kr	147 000
Kjøp av revisjonstenester	Kr	610 000

**Handsaming i kontrollutvalet 29.08.13:**

Sekretær gjorde greie for si innstilling til budsjett for 2014. Utvalet hadde ingen merknader til budsjettframlegget.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.08.13:**

*Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Suldal kommune for 2014 med ei totalramme på kr 978 000, som fordel seg slik:*

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>221 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>147 000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester</i>	<i>Kr</i>	<i>610 000</i>

## SAK 21/13 VAL AV REVISJONSPROSJEKT 2014

### **Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt «.....» / eller selskapskontroll av «.....» til neste møte.

### **Handsaming i kontrollutvalet 29.08.13:**

Utvalet drøfta kva for prosjekt dei skulle velje. Revisor supplerte med informasjon undervegs. Utvalet vart samd om å velja «Arbeidsgjevarpolitikk». Revisor vart beden å laga prosjektplanen slik at det blei mogleg for utvalet å velje ut særskilte tenesteområde, for eventuelt å vektleggja desse.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.08.13:**

*Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt «Arbeidsgjevarpolitikk» til neste møte.*

## **EVENTUELT**

Ingen saker var meldt.

**Neste møte: 17.10.13, kl. 09.30**

**Sand/Aksdal, 29.08.13**

Sverre Underbakke  
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie  
Kontrollutvalssekretær